



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Samfunn og utviklingskomite	
	Bystyret	

## Nynorskhuset i Førde - SoFt si vidare deltaking

### Vedlegg i saka:

12.09.2019	2019 0310 - Forstudie-signed	351741
12.09.2019	Rapport kalkyle NNH_190829	351742
12.09.2019	19 0903 Søknad eigarane NH sign	351743
12.09.2019	Søknad frå teateret - feil i fordelingstabellen	351528

### Bakgrunn for saka:

Sogn og Fjordane teater (SoFt) ber Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune om forpliktande vedtak frå eigarane om:

1. Eige eller leige av nye lokale i Nynorskhuset frå 2022
2. Auka tilskottsnivå frå 2022 som følgje av nye lokale i Nynorskhuset

Bakgrunnen er at prosjektet «Nynorskhuset» no går inn i ein fase med prekvalifisering, konkurranse og kontraktsgnering. For å gå vidare i samarbeidet med Firda og NRK treng dei ei avklaring frå eigarane.

### Saksutgreiing:

Som kjent er det gjort positive vedtak frå eigarane til SoFt om å arbeide for å etablere eit Nynorskhus i Førde saman med NRK Sogn og Fjordane og Avishuset Firda. I sak 72/18 handsama bystyret ei prinsipiell sak om støtte til Sogn og Fjordane teater sitt arbeid med å realisere eit Nynorskhus i Førde, og i sak 06/19 i formannskapet løyvde Førde kommune 80 000 kroner til arbeidet med eit forprosjekt. Fylkesutvalet løyvde tilsvarande 190 000 kroner til arbeidet.

Teateret peiker på at ein gjennom likelydande vedtak i fylkesting og bystyre/fellesnemnd har det vore mogeleg for dei å signere ein intensjonsavtale mellom partane og delta aktivt i utvikling av ein forstudie med funksjons- og romprogram. Teateret skriv no at dei står ved ei vegskilje, og at det er opp til eigarane innan første halvdel av oktober 2019 å ta stilling til eige eller leige nye lokale i Nynorskhuset frå 2022 og auka tilskottsnivå frå same tid, som følgje av nye lokale. Teateret meiner dei ikkje kan gå vidare i dette samarbeidsprosjektet utan forpliktande tilslutning frå dei to eigarane.

Vi forstår det slik at planen no er å velje utbyggjar i haust/tidleg våren 2020 og flytte

inn i Nynorskhuset i 2022. Teateret har bedt Kulturdepartementet om 1 mill. kr i auka driftstilskot til arbeidet med å flytte inn i Nynorskhuset. I tillegg ber dei om 3 mill. kr til utvida turnéverksemd i Vestland fylke. Dei ser føre seg ei gradvis opptrapping fram mot ferdigstilling av huset i 2022, slik at teateret i perioden frå 2020 til 2022 får gradvis auke til totalt 3,68 mill. kr i tilskot til Nynorskhuset (ref tabell).

I følgje tabellen under legg teateret opp til at staten tek sin del av dei løpande drifts- og finanskostnadane etter den eksisterande kostnadsfordelinga (70 %) eller at den nye regionen vert sett i stand til å overta staten sitt finansieringsansvar dersom oppgåva vert overført i samband med reforma/kulturmeldinga.

Konsulentselskapet Inventura<sup>1</sup> har kalkulert forventa investeringskostnad og husleige.

Tabell 1 Eige/leige

	Eige	Leige pr. år
SoFt	Kr 164 738 030	Kr 3 988 812
Fellesareal (teater sin del)	Kr 30 426 842	Kr 2 717 526

Teateret held i dag til i leigde lokale i Førdehuset. Leigeavtalen går ut i 2023. Leiga er i dag kr 1 440 000 pr. år.

Vi ser føre oss følgjande finansiering av kostnadane:

Tabell 2 Finansiering/tilskott pr. år

Part	Fordeling	Kr pr. år
Husleige Nynorskhuset	Sum	6 700 000 kr
Sogn og Fjordane teater	Husleiga i Førdehuset	- 1 440 000 kr
Auka tilskottsbehov "Nynorskhuset"		5 260 000 kr
Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune	Auka ordinært driftstilskot (22,5 %)	1 183 500 kr
Førde kommune/Sunnfjord kommune	Auka ordinært driftstilskot (7,5 %)	394 500 kr
Kulturdepartementet	Auka ordinært driftstilskot (70 %)	3 682 000 kr

Det er utarbeidd eit romprogram som utgjer 1665 m<sup>2</sup>, i tillegg kjem eventuell del av fellesareal. Vedlagt saka følgjer forstudie av 10. mars 2019 og revidert rom- og funksjonsprogram.

Frå teateret vert det presisert at utan forpliktande vedtak frå dei to eigarane ser dei ikkje anna løysing enn å trekke seg frå samarbeidet om Nynorskhuset og starte drøftingar med Førde kommune om vidare leige/ombygging av lokala i Førdehuset. Dette meiner dei likevel er ei mykje dårlegare løysing både for SoFt og nynorsken enn satsinga på samarbeid og fellesskap med NRK og Firda i «Nynorskhuset» i Førde.

### Rådmannen si vurdering:

I samsvar med avtalen mellom kommunane som slår seg saman til Sunnfjord kommune, meiner rådmannen det er rimeleg at denne saka om teateret si rolle i eit nynorskhus i Førde òg må orienterast om i fellesnemnda. Saka burde vore lagt fram for kommunestyre i Sunnfjord kommune, men grunna tidsramma vert saka lagt fram til handsaming i Førde bystyre.

Rådmannen vil med utgangspunkt i tidlegare handsamingar støtte opp om det vidare arbeidet med å realisere Nynorskhuset og SoFt som del av fellesskapen i denne satsinga. Rådmannen vil likevel peike på at Førde kommune misser ein viktig

leigetakar i Førdehuset og at forslaget om ei årleg leige for Nynorskhuset for kommunen sin del i røynda kjem i tillegg til dette tapet, i alt 2 million kroner fordelt på nærare 400 000 i leige i nytt bygg samt tapte på leigeinntekter på 1,4 million kroner,. Dette har blitt informert om i bystyret i samband med tidlegare saker om Nynorskhuset. Det er framleis ei utfordring å drøfte konsekvensar av at Førdehuset misser den største leigetakaren.

Rådmannen sluttar seg til teateret si vurdering om at ei realisering av Nynorskhuset vil vere særskild viktig for nynorsksatsinga både med omsyn til medieverksemdene våre og teateret. Dette er særleg relevant no når vi går inn Vestland fylke og skal vere med å forme ein framtidig kulturpolitikk og ein feles identitet.

Rådmannen er vidare samd i at ein legg til grunn fordelingsmodellen ein har i dag med stat og fylke med fordeling 70% på stat, 22,5% på fylke og 7,5% på kommunen. Det betyr at det er staten som sit med hovudutfordringa. Går staten inn, meiner rådmannen det vil vere naturleg at kommunen og fylkeskommunen også er med. Førsetnaden må likevel vere at vi som eigarar får eit meir aktivt forhold til prosessen framover. I dag er fylkeskommunen og kommunen som eigarar av SoFt ikkje aktive partar i forhandlingane om realiseringa av Nynorskhuset. Dette er krevjande, spesielt ettersom kommunen og fylkeskommunen får tildelt ei såpass avgjerande rolle som eigarskapen for teateret nødvendigvis må føre til. Spørsmålet er då om det no er tid for at både fylkeskommunen og kommune tar ei meir aktiv rolle i prosessen vidare fram mot realisering av Nynorskhuset.

Når det gjeld spørsmål om eige eller leige, vil rådmannen tilrå at kommunen legg opp til å leige. Det er fleire grunnar til dette. Men ein av dei rettar seg mot at NRK og Firda ønskjer primært ønskjer å leige, ikkje eige. Skulle fylkeskommunen og kommune derimot gå inn som eigarar, vil det truleg bli nokså komplekst med tanke regulering av eige- og leigeavtaler mellom partane. Det er òg eit alternativ at anten kommunen eller fylkeskommunen eig bygget. Rådmannen ser likevel ikkje det som eit godt alternativ, i alle høve dersom ein ikkje sjølv er grunneigar.

Med atterhald om deltaking frå stat, fylke og kommune, vil rådmannen rå til at Førde kommune bør vere positiv til at Sogn og Fjordane teater går inn som leigetakar og at kommunen ikkje vil vere eigar av Nynorskhuset. Rådmannen meiner kommunen òg bør vere positiv til å auke tilskotsnivået frå 2022 i samsvar med den modellen som er lagt fram for leige i eit nytt bygg til Nynorskhuset.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Med atterhald om deltaking frå stat, fylke og kommune, vil Førde kommune vere positiv til at Sogn og Fjordane teater går inn som leigetakar og at kommunen ikkje vil vere eigar av Nynorskhuset.
2. Kommunen vil òg vere positiv til å auke tilskotsnivået frå 2022 i samsvar med den modellen som er lagt fram for leige i eit nytt bygg til Nynorskhuset.

Førde, den 10.09.2019

Lise Mari Haugen  
Rådmann

Trond Ueland  
Kommunalsjef